

## Notat

---

Til: Hordaland fagskulestyre

---

Frå: Fylkesdirektør Opplæring

---

Referanse  
2014/2-9

Dato  
02.01.2014

### Val av studentrepresentant for skuleåret 2013/14

Det har vore gjennomført val av studentrepresentant for skuleåret 2013/14. Resultatet syner at Christopher Marthinsen ved Bergen tekniske fagskole er valt til studentrepresentant i Hordaland fagskulestyre, og Anders Fuglebakken ved Bergen tekniske fagskole er valt som vara. Av di representanten og vararepresentanten er frå same skule og same klasse, har administrasjonen bede Bjarne Kleivane frå Bergen maritime fagskole om å vere 2. vara.

Tabellen under syner talet på stemmer til den einskilde student og resultatet av valet.

Navn	BTF	BMF	FUF	Totalt
Christopher Marthinsen - Bergen tekniske fagskole	132,026	4	1	137,026
Anders Fuglebakken - Bergen tekniske fagskole	86,001	5		91,001
Jørgen Langeland - Voss tekniske fagskule	19,988	2		21,988
Terje Hetland - Austevoll maritime fagskule	7,101	4	1	12,101
Cecilie Thunestvedt Hatland - Fusafagskule			19	19
Bjarne Kleivane - Bergen maritime fagskole	12,887	63		75,887

Erfaringane frå valet i 2013 gjer at administrasjonen ønskjer å gå igjennom rutinane for valet. Dette gjeld også når valet skal gjennomførast. Det vil gjerne verte meir hensiktsmessig å gjennomføra valet om våren for skuleåret etter. Dette gjer at fyrsteårs-studentane det påfølgjande året ikkje kan veljast før dei har gått eitt år på fagskulen. Fordelen med å gjennomføre valet om våren er at studentrepresentanten og vararepresentanten er klar til fyrste styremøte i september, og ein får ein viss kontinuitet ved at representantane overlappar kvarandre.